

Grunneiere/rettighetshavere

**Vår dato:** 20.06.2023

**Vår ref.:** 202301847-10 Oppgi ved kontakt

**Dykkar ref.:**

## **420 kV sjøkabelforbindelse over Fensfjorden mellom Ildalsvågen og Mongstad. Orientering om vedtak**

I dag har Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) godkjent Statnett si detaljplan for ein ny 420 kV sjøkabel over Fensfjorden, i Alver, Gulen og Masfjorden kommunar i Vestland fylke.

Detaljplan er ei plan som konkretiserer korleis Statnett skal bygge og drive anlegget. Vedtak om godkjenning er lagt ved.

### **Partsinnsyn**

Forvaltningslova sine reglar om partsinnsyn gir grunneigarar og andre med rettar, rett til å be om å få sjå dokumenta i saka. Ønskjer du å sjå dokumenta, sjå <https://einnsyn.no>

### **Klage**

Det er høve til å klage på vedtaket til Olje- og energidepartementet innan fem veker frå det tidspunktet orienteringa kom fram, eller då den som klagar fekk, eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova kap. VI. Partar (grunneigarar, andre med rettar, og tiltakshavar) og andre med rettsleg klageinteresse (andre med spesielt nær rettsleg økonomisk eller faktisk tilknytning til saka, og organisasjonar som representerer interesser som vert påverka) har rett til å klage på vedtaket.



Ein klage skal vere skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Han må innehalde opplysningar som gjer det mogeleg for NVE å avgjere om den som klagar har klagerett. Han bør og vere grunngitt. Etter forvaltningslova skal NVE vurdere klagane og førebu saka før ho vert sendt til Olje og energidepartementet for endeleg avgjerd. Vi føretrekkjer at klager vert sendt til den sentrale e-post adressa vår [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

Med helsing

Anne Johanne Kråkenes  
seksjonssjef

Inger Helene W. Riddervold  
seniorrådgiver

*Dokumentet sendes utan underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutinar*

**Mottakarliste:**

Grunneiere/rettighetshavere